

## **Høyringsuttale i fbm. Forslag om innfasing av Mo Skule i Surnadal barne- og ungdomsskule.**

Etter at det i kommunestyret hausten 2025 vart vedteke å behalde alle tre grendeskulane, kom saka om innfasing av Mo Skule opp i kommunestyret like før jul 2025. Altså, igjen forslag om å legge ned Mo Skule. Eg har framleis, sidan siste høyring, «hatt» som busatt i i Øvre Surnadal, innbyggjar i Surnadal kommune, bonde, sjølvstendig næringsdrivande, mor, bestemor, pedagog og spesialpedagog. Ein ting som er felles for alle «hattane», er at uansett kva «hatt» eg tek på meg, kan eg ikkje sjå at det skal vere ei god løysing for Surnadal som kommune, grenda Øvre surnadal, tilsette, eller aller minst borna, at Mo Skule skal fasast inn i SUBUS, sagt med andre ord, legge ned Mo Skule.

Etter å ha satt meg inn i saksutgreiinga, risikoanalyse, evt. tiltaksliste, innsendte svar til forrige høyring i tilknytning til endring av skulestruktur i Surnadal kommune, delteke ved fleire dialogmøter, så står eg framleis fast **ved overbevisninga om å oppretthalde Mo skule**, overbevisninga har om mogleg vorte enno sterkare.

Eg meiner at det er til det beste for borna og dei tilsette ved både Mo skule og SUBUS å **oppretthalde Mo skule**. Ein kan seie at det er ei grense for kor små skulane bør vere, men det er ei grense for kor store dei bør vere og.

No har Surnadal kommune valt å gå for nytt helsehus, dette slik eg har forstått det, for at tilhøva for dei eldre/sjuke med ulike behov og dei tilsette i helsesektoren skal bli bra nok. Dette og med tanke på å få/behalde nok fagpersonale i helsesektoren.

Ein skule kan ein seie er som eit helsehus for elevane (sitat Ingunn Meisingset), det er der ein legg grunnlaget for at elevane på best mogleg måte skal klare seg i vaksenlivet etter kvart. Då er det viktig at vi legg til rette for dette på best mogleg måte. For å få til dette er det viktig med nok fagpersonale i oppvekstsektoren og, slik som i helsesektoren. Vi må då gjere det attraktivt å jobbe i oppvekstsektoren i Surnadal kommune, det gjer vi ikkje ved å **ikkje** høyre på dei tilsette i denne saka. Det er ikkje berre i helsesektoren tilsette ser seg om etter andre jobbar, og vi veit det er mykje sjukmeldingar ved SUBUS på grunn av den pressa situasjonen der.

**Når ei bedrift slit med mykje sjukdom og sjukmeldingar, er det lite økonomisk å gjere arbeidstilhøva for dei tilsette vanskelegare. Her seier dei tilsette klart i frå, og fraråder å slå saman Mo skule med SUBUS, høyr på dei.**

Eg har stort sett heile mitt yrkesliv jobba med mennesker, frå dei minste i barnehagen, skule, vaksne. Det ein ser er at å legge inn innsats tidleg, i barnehage og skule, kan motverke store kostnadar i ettertid. Elevar som fell ut av skulen, ikkje får fullført skuleløpet sitt, gjev i ettertid ofte store kostnadar i staden for skatteinntekter, ikkje god økonomi, og ikkje god menneskevelferd.

Ungane er ein stor og viktig ressurs som vi skal forvalte godt. Kanskje vil dei ein gong kome tilbake til bygda si med nye erfaringar og kvalifikasjonar vi har bruk for. **For at dei skal ha moglegheit til seinare å bidra i samfunnet, anten her i Surnadal eller andre stader, er noko av det viktigaste vi kan gjere å bidra til at dei får ein så god og trygg barndom som mogleg, både i heimane sine, i barnehage og skule.** Førebygging er meir økonomisk enn seinare å rette opp i vanskar som har oppstått, mindre smertefullt og ei betre etisk løysing.

Eit av punkta som kan tale for at det er positivt å samle alle skulane til ein stor skule (SUBUS), er større fagmiljø og samling av ressursar. Dersom, slik som ved SUBUS, bygningar og uteområde ikkje ligg til rette for så høgt antal elevar og tilsette, så meiner eg dette heller vil føre til ei forringing av det tilbodet elevane allereie har, fordelt på Mo skule og SUBUS. Ein får ikkje nytta det større fagmiljøet og ekstraressursane slik ein har til hensikt dersom fleire av dei andre forutsetnadane ikkje er til stades. Mo skule og SUBUS ligg heller ikkje lengre unna kvarandre enn at det er mogleg å søkje støtte dersom det skulle vere behov for det, både den eine og andre vegen.

Store grupper og mange å forhalde seg til, både for elevar og tilsette, er ei utfordring i seg sjølv, spesielt i dei yngste gruppene, og for born med ekstra utfordringar, særleg når dei fysiske rammene heller ikkje er tilstades. **Vi har fått informasjon frå SUBUS om at elevmassen er i endring, det er fleire elevar med behov for ekstra støtte og tilrettelegging, både når det gjeld rom og personale.**

Hos dei yngste borna er deira potensiale når det gjeld emosjonell, sosial og intellektuell utvikling i stor grad knytta til konteksten dei befinn seg i, born treng ro, forutsigbarheit, stabilitet og dedikerte lærere/andre fagarbeidere. Det meiner eg det er betre forutsetningar for å få til dersom vi beheld Mo skule. Større er ikkje alltid betre, det vere seg for elevar eller tilsette, er mi erfaring. Slik elevtalet er ved Mo skule no, er eg mykje meir bekymra for at elevtalet blir for høgt ved SUBUS enn at elevtalet er for lågt ved Mo skule. Eg kunne ha skreve mykje om dette, men eg registrerer at de har fått tilbakemeldingar frå tilsette både ved SUBUS og grendeskulane i den forrige høyringa, og mykje kjem fram der når det kjem til det beste for både barn og tilsette, lytt til dei, dei kan sitt fag. La oss behalde alle grendeskulane, inkludert Mo skule, og legg tilhalda til rette for at dei blir gode oppvekstarenaer for borna i heile Surnadal kommune, det kan og vere den beste økonomiske gevinsten på sikt.

Store grupper, mykje folk å forhalde seg til, vanskelege arbeidsforhold (for både elevar og tilsette), lange bussturar, lang ventetid på buss før heimreise, alt dette er forhold som vil slite på borna, og slitne born er mindre mottakeleg for læring, det gjeld alle born, og spesielt utrygge, forsiktige born, og born med ekstra utfordringar. Store og uoversiktlege forhold kan fort lede til utrygghet, mobbing, skulevegning, uro, konsentrasjonsvanskar, lærevanskar t.d. **Ikkje fordi dei som jobbar der ikkje er dyktige i jobben sin, men rett og slett fordi at mennesker i store mengder, små og store, gjer det meir uoversiktlege, det er meir å forhalde seg til, bli usikker av, bli distraherert av, det er lettare for at informasjonsflyten ikkje når alle, spesielt i pressa situasjonar med mykje utskifting av personale/vikarbruk.**

Eg ser av saksnotatet at det er fleire forslag til ombygging av skulen. Nyare forskning og forsøk bl.a. i skular i Fredrikstad peikar no på tre hovedtiltak for å betre skulane:

- Fleire lærarar/pedagoger per.born.
- Større handlingsrom for lærere og leik i undervisninga.
- Betre klasserom.

Det peikes på at klasseromma har vorte for små (nasjonalt), slik at det er vanskeleg for borna å bevege seg fritt, og ha tilgang til inspirerande materiell. Dette kan vel skje ved SUBUS og, om ein skal dele opp dei romma som allereie er der, og i mange tilfeller oppleves for små allereie? Dei som går i første klasse er frå fem og eit halvt år, og kan ha behov for hjelp til så mangt, det hjelper

ikkje med «nok» antal rom om dei ikkje er praktisk plassert i forhold til bruken, og dei bør vere store nok.

Det same gjeld uteområdet, for mange elevar på lite område gjev ofte knuffing, utryggheit, mobbing og mindre kreativ leik. Kreativ leik og fysisk rørsle er ein forutsetnad for god utvikling og læring hos ungar.

Slik samfunnet er i den tida vi lever i, så krev det mykje logostikk for barnefamiliar som skal sjonglere bornas og sin eigen kvardag (bhg., skule, fritidsakt. heimeliv, kvile, eige arbeidliv). I Øvre Surnadal er det fleire av familiarene der begge foreldre i familien har jobbane sine i Øvre Surnadal og/eller Rindal. Ved ei evt. samanslåing av skulane må dei for å levere borna i SFO først køyre 35+- km før dei startar på sin eigen jobbveg, det må dei og etter å ha køyrt heim frå jobb, for khenting av barna. Då er dei ikkje langt unna ein Trondheimstur pr. dag, det er mykje bilkøyring. Er det slik vi vil ha det i Surnadal kommune, kan dette vere berekraftig, menneskevennleg eller klimavennleg? Det kan umogleg vere noko som er til barnets beste i alle fall. Eg ser for meg at kvardagskabalane for mange foreldre blir vanskeleg, det blir lange dagar borte frå heimen for både barn og vaksne. Dette kan gje slitne born og slitne foreldre, lite tid saman i heimen, ikkje nokon god situasjon for familiarene og oppveksten til barna, dette kan ikkje vere til barnets beste.

Fleire frå sentrum har prøvd å ha borna sine i bhg. ved Mo oppvekstsenter, og har vore fornøgd med bhg., men etter ei tid/over tid har logistikken vorte for krevande med så lang køyreveg. Med samanslåing av skular vil no borna i frå grendene få denne køyreavstanden og lengre dagleg, og dersom det er behov for SFO, vil mange foreldre måtte ta den køyreturen før og etter sin eigen arbeidsveg. 10 år med så lang reiseveg tek mykje tid av barndommen, og krev mykje av foreldra.

Det er mykje som talar for å ikkje legge ned grendeskulane, inkludert Mo skule, i tillegg til sjølve skuleinnhaldet, t.d. familieliv og kvardagskabal, skulen er samlingspunkt i bygda, bulyst, klima, matberedskap, lokal aktivitet, næringsliv t.d.

Det viktigaste er likevel situasjonen for borna ved ei evt. samanslåing, lange avstandar og tidsbruk på reise, samt situasjonen ved SUBUS, som allereie i dag slit med for lite areal, både inne og ute. Lytt til dei tilsatte ved SUBUS og deira kompetanse, og lytt til dei tilsette ved grendeskulane og deira kompetanse.

I høyringsdokumentet vises det til at ein kan spare ca 3,9 mill ved å legge ned Mo skule. Dersom ein ser på kva som skal til av endringar for at samanslåinga skal vere fysisk, psykisk og pedagogisk fagleg forsvarleg for borna både ved Mo skule og SUBUS, frå dei går ut døra heime til dei er heime igjen, så er det vanskeleg å sjå for seg at ein vil kunne få den stipulerte sparinga. Når ein i tillegg tek med dei menneskelege kostnadane som foreldre og born må betale med lange reiseavstandar, lange ventetider og vanskelege kvardagskabalane, då er det for meg vanskeleg å sjå for seg at dette er ei løysing vi vil ha for kommunen vår. Det vil og vere ekstra økonomiske kostnadar for foreldre gjennom lange distansar for å hente/bringe borna til og frå skulen.

Å gå inn for ei løysing med fase Mo skule inn i SUBUS, synest for meg å gje større kostnadar enn sparing, menneskeleg, men og økonomisk. Slik situasjonen er i dag så synes eg det langt i frå er til barnets beste med ei samanslåing av skulane i Surnadal kommune. Ref. FN's barnekonvensjon og Norges Grunnlov (paragraf 104).

Som informasjon i byrjinga av dialogmøta blir det alltid opplyst om at SUBUS allereie har elevar som høyrer til i grendene. Ved Mo oppvekstsenter har vi i alle år hatt elevar som ikkje høyrer til i grenda, så dette går begge vegar.

Da vi hadde dialogmøte ved Mo, var ikkje risikoanalysen som var foretatt lagt ut. Når dialogmøtet ved SUBUS vart avhelde var ikkje utskrift frå barnas beste lagt ut. Den fekk vi vite at skulle vere klar til komunestyremøtet 19. mai. Dette skulle vore klart før begge dialogmøta, og ikkje minst i god tid før kommunestyremøtet. Dette for at dialogmøta skulle kunne gje best mogleg informasjon, og anledning til å stille spørsmål. Det er og vanskeleg å få klare svar når ein spør om noko, og eg stiller derfor spørsmål ved at ein skal kunne ta ei god avgjerdsle når det er så mange moment ein ikkje har svar på enno. Stiller og spørsmål ved at høyringsfristen er før alle sakspapira er klare.

Vi saknar at fleire av politikarane kunne vore til stades ved dialogmøta, og fått førstehandsinformasjon frå foreldra, stor takk til dei som hadde anledning og tok seg tid til å møte.

**Ei så stor og inngripande sak skal ikkje vere ei haste sak, og det vil vere eit stort overtramp ovanfor både born, foreldre og tilsette å legge ned Mo skule frå hausten 2026. Eg ser det ikkje som noko god løysing i det heile tatt å legge ned Mo skule, slik som tilhøva er pr. i dag.**

**Risikoanalysa som er gjennomført blinkar raudt på 19 av 20 punkter, er ikkje det noko ein bør ta hensyn til?**

**Kva med elevane frå Mo om dei blir flytta ned til SUBUS, får dei gå i same klasse? For at dei skal få behalde vennskap og tilknytning til kvarandre, så bør dei få det. Det er lang veg ned til sentrum, så ein bør legge til rette for at tilknytninga og vennskapa Mo-elevane i mellom fortsatt har gode kår.**

**Så ein ekstra runde på BUSS.**

Det vart under dialogmøtet ved SUBUS stilt spørsmål om buss heim ved skuleslutt for elevar i første til sjuande klasse frå Mo, ved ei evt. innfasing til SUBUS.

Slik vi forsto svaret blir det slik:

Elevar ved Todalen og Stangvik Oppvekstsenter får buss rett etter skuleslutt ved tidleg og sein slutt.

Elevar ved Bøfjorden og Bæverfjord Oppvekstsenter får buss rett etter skuleslutt ved tidleg og sein slutt.

Elevar ved SUBUS får buss rett etter skuleslutt ved tidleg og sein slutt, forutan elevar i første til sjuande som kjem frå Mo, dei må ved tidleg slutt vente ein time på bussen.

(Og om det ordnar seg, slik at elevane frå Mo og får reise heim direkte etter skuleslutt på tidlegdagar, kva da med innsparinga på ca 3,9 mill, reduseres den?)

Er det riktig at det berre er elevar frå Mo, av alle elevane i heile kommunen, som skal sitte ein time kvar dag i sju år å vente på bussen for å spare inn meirforbruket som kommunen har opparbeida seg. Alle andre elevar i heile kommunen får reise heim når skuledagen er ferdig. Dette er korkje ei pedagogisk, psykologisk eller etisk god løysing. Dersom dei først blir pålagt å flytte ned til SUBUS, bør ikkje dei elevane frå første til sjuande klasse, som får lengst reiseveg, som dei einaste, bli satt til å ha ekstra venting på å få ta bussen heim etter skulen i tillegg. Her bør det vere likt for alle elevar i kommunen.

**Med så mykje uavklart i saka, og på så tynt grunnlag, samt ei risikoanalyse som blinkar raudt, meiner eg vi ikkje bør gå for ei nedlegging av Mo skule, det kan vise seg å få større negative ringverknadar enn ein i dag ser, både menneskeleg og økonomisk.**

**Bergstad la fram at ei samanslåing kan gjennomførast innanfor lovkrava, men at det vil utfordre både kvalitet, kapasitet og organisering. Ei rask gjennomføring vil ikkje bli optimal, men kan vere forsvarleg dersom man aksepterer midlertidige løysingar, sa han.**

**Skal vi akseptere midlertidige løysingar som vi ikkje veit konsekvensane av for våre born? Vil vi presse dei tilsette ytterlegare i ein allereie pressa situasjon?**

**Midlertidige løysingar er ofte heller ikkje gode økonomiske løysingar.**

**Kan det vere mogleg å snu «skuta» i lågare fart, slik at vi beheld dei flotte skulane vi har. I ein økonomisk pressa situasjon som Surnadal kommune er i no, er det lett å ønske seg at situasjonen raskt skal snu, og dermed velge raske løysingar. I kappløpet mellom haren og skilpadda, er det skilpadda som vinn, kanskje kan vi gjere som skilpadda i denne situasjonen, å vinne på sikt.**

**Vi har flotte skular med dyktige tilsette både i grendene og i sentrum, lat oss sette pris på det, og ta vare på det gullet det er for kommunen vår. På den måten kan vi, slik som situasjonen er pr. i dag, bidra til at både borna og dei tilsette får best moglege kvardagar, det ligg det mykje god økonomi i på sikt.**

**Eg ber om at Mo skule skal få bestå, for elevane, foreldra og tilsette ved både Mo skule og SUBUS, og for Surnadal som kommune.**

Vennleg helsing

Ann Elisabet Holten Solem

Øvre Surnadal 24.04.2026